

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: Styret for Helse Vest RHF 06.05.2009 kl 12:15 - 15:00
Møtestad: Rica Sunnfjord Hotell, Førde

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret:

Oddvard Nilsen
Leiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gisle Handeland
Medlem

Lise Karin Strømme
Medlem

Gerd Dvergsdal
Medlem

Nils P Støiva
Medlem

Reidun Johansen
Medlem

Aslaug Husa
Medlem

Ohene Aboagye
Medlem

Gunner Berge
Medlem

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen

Viseadministrerande direktør Helge E. Bryne

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen

Kommunikasjonsdirektør Bjørg Sandal

Seniorrådgivar Torunn Nilsen

Forfall frå styret:

Helge Espelid
Medlem

Torill Selsvold Nyborg
Medlem

Gro Skartveit
Medlem

Saker:

038/09 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden
039/09 B	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest 01.04.2009
040/09 O	Administrerande direktør si orientering
041/09 B	Rapport frå verksemda per mars 2009
042/09 B	Årsoppgjer 2008 - rekneskap og årsmelding
043/09 B	Årsmelding 2008 frå pasientomboda i Helse Vest
044/09 B	Tilsynsmelding 2008 frå Helsetilsynet
045/09 B	Søknad om utvida sjukehusgodkjenning for Ulriksdal Sykehus
046/09 B	Eventuelt

Fellesmøte

Før styremøte i Helse Vest RHF blei det gjennomført fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Førde HF.

Følgjande tema var på agendaen:

Gjennomgang av status i fellesprosjekt Helse Vest/Helse Førde, Budsjettoppfølging – økonomi- og bemanningsstyring,
Resultat i Helse Førde HF per 31. mars og vidare tiltak for å nå budsjettkrav,
Ambulansetenesta i Helse Førde HF og Adipositas kirurgi i regionen

038/09 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Kommentarar:

Forfall:

Torill Selsvold Nyvoll, Gro Skartveit og Helge Espelid hadde meldt forfall til møtet.
Ohene Aboagye vart permittert frå møtet kl 13.30.
Lena Thorsnes møtte som vara for Helge Espelid.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til AD si orientering pkt 4:

- Notat – Arbeidsintensive investerings- og vedlikehaldstiltak 2009 – regjeringa si tiltakspakke. Prosjektstatus per 1. mai.

Til AD si orientering pkt 5:

- Program for Vestlandskonferansen 2. juni.

Til Skriv og meldingar:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 30.04.09 "Rapportering frå verksemda per mars 2009"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 24.04.09 "Årleg melding for 2008 fra Helse Vest RHF"
- Brev frå Brukerutvalget i Helse Stavanger HF til HOD, dagsett 22.04.09 "Angående vedtak i foretaksmøte i Helse Vest RHF av 18.12.07"
Brev frå KS Rogaland, dagsett 23.04.09 "Dialog mellom helseforetakene og KS Rogaland"

Styreleiarorienterte om følgjande endringar i dagsorden:

Behandling av sak 042/09 B Årsoppgjer 2008 – rekneskap og årsmelding vart flytta fram i møtet til før AD si orientering.

Behandling av AD si orientering pkt 9 om lønsoppgjeret 2009 (U.off. Offentleglova § 23, 1. ledd) vart lagt til slutten av møtet. Styremedlemmer valt av og blant dei tilsette var ikkje til stades på denne orienteringa.

Eventuelt:

Ingen saker blei meldt til eventuelt.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

039/09 B Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest 01.04.2009

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 1. april 2009.

040/09 O Administrerende direktør si orientering

Ope del

1. Korridorpasientar – Sandviken

I mars 2009 var det svært mange innleggingar på Sandviken. Det medførte at det blei nytta 59 korridor plassar denne månaden, eit snitt på om lag 2 plassar pr døgn.

I april 2009 er talet på innleggingar lågare medan bruk av korridor plassar har halde fram gjennom heile månaden. Det er kun tre dagar utan bruk av plassar på korridor. Det er nytta 82 korridor plassar i løpet av april måned, eit snitt på 2,7 plassar per døgn.

Tiltak som det blir arbeidd med:

Snu pasientstraumar slik at pasientane i større grad blir henviste til DPS utan å gå vegen om akuttpost.

Samarbeid med Bergen kommune: Det er mange utskrivingsklare pasientar. Over 30 pasientar kunne hatt eit kommunalt tilbod. Ytterlegare 17 kunne vore skriven ut dersom kommunen hadde hatt eit forsterka bu- og omsorgstilbod. I samarbeid med Bergen kommune er det starta eit arbeid med ein strategisk plan for korleis ressursane kan nyttast best mogleg på kommunalt og spesialisthelsetenenivå.

2. Korridorpasientar – Helse Stavanger HF

Over noe tid er det noe in klar nedadgåande trend i talet på korridor pasientar i Helse Stavanger. Talet på "uteliggjarar" ver relativt lavt – 8 pasientar.

Bruk av pasienthotellet sank i påskeveka og har sidan det vore på eit lågare nivå enn føregåande månader.

Helse Vest avventar konkret plan for oppfølging av tiltaka i pasienthotellrapporten.

3. Nevrokirurgi

Helse Bergen HF har til no følgt opp dei rapporteringsrutinane som er vedtekne og desse syner at det er sikra vaktdekning i Stavanger ut juli 2009.

Det blir i samarbeid med Helse Bergen og Helse Stavanger arbeidd med å sikre ei nærare fagleg integrering og betre samarbeid mellom dei to avdelingane.

Helse Vest har satt i gang prosessar for å gjere opp status for korleis samarbeidet har fungert så langt og for å sikre ytterlegare gode samarbeidsforhold mellom føretaka.

4. Arbeidsintensive investerings- og vedlikehaldstiltak i 2009 – regjeringa si tiltakspakke

Alle tiltaka i som går inn i tiltakspakka i Helse Vest er igangsett og har framdrift som forventa. Rammeavtaler er nytta for store deler av tiltaka. Rapportering per 1. mai var delt ut i møtet.

5. Vestlandskonferansen 2.juni

Program for konferansen var sendt ut på e-post og delt ut i møtet.

6. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

7. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

8. Oversikt over høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

Lukka del

U.off. jf. Offentleglova § 23, 1. ledd

Styremedlemmer valt av og blant dei tilsette var ikkje til stades.

9. Lønsoppgjeret 2009

Lønsoppgjeret i 2009 vart diskutert. Spekter blir invitert for å orientere nærare i samband med styremøtet i juni. Denne orienteringa blir kun for eigaroppnemnde styremedlemmer.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering

041/09 B Rapport frå verksemda per mars 2009

Kommentarar:

Resultatet pr mars gir føretaka eit samla budsjettavvik på minus kr 43,1 mill. Samla realisering av tiltakspakken har gått ned frå 79% i februar til 69% i mars. Rapporteringa frå føretaka samt analysen av føretaka sine budsjett og omstillingspakkar har avdekket betydelig risiko knytt til realiseringa av omstillingstiltaka. Trass i dette rapporterer alle helseføretaka med unntak av Helse Fonna ein prognose for heile året i tråd med budsjettet. Administrasjonen i Helse Vest vil påpeika at det er svært høg risiko knytt til denne prognosen og det vil krevje igangsetting av ytterlegare tiltak for å nå resultatkravet. Likviditetssituasjonen er litt forverra delvis som følgje av resultatutviklinga samt eit meir oppdatert datagrunnlag på arbeidskapitalen (kortsiktige fordringar og kortsiktig gjeld).

	Mars			Hittil pr. mars		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Apoteka Vest	1 459	482	977	1 790	269	1 521
Helse Bergen	38 918	37 380	1 538	25 585	30 342	-4 757
Helse Fonna	-3 280	0	-3 280	-2 892	0	-2 892
Helse Førde	-508	9 262	-9 770	-15 754	-9 383	-6 371
Helse Stavanger	4 151	29 104	-24 953	-8 741	22 228	-30 969
Kjøp av helsetenester	3 333	3 333	0	10 000	10 000	0
Administrasjonen	-340	-340	0	-1 020	-1 020	0
Helse Vest IKT	-968	-271	-697	-599	-928	329
Til saman	42 765	78 950	-36 185	8 369	51 508	-43 139

Alle tall i heile tusen

Akkumulert resultat pr mars er kr 8,4 mill som gir et resultat som er kr 43,1 mill dårligare enn budsjettet.

Medarbeidarar:

Sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest for mars 2009 var 7,4 prosent.

Tal tilsette per april var 27 058. Ein auke på 1 120 frå mars månad.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest var 16 283 for april 2009, omtrent på same nivå som for mars.

Omdømme:

Etter å ha vore nede i 74 prosent i februar aukar delen med meget eller ganske stor tiltru til 79 prosent i mars. Endringa er statistisk signifikant.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapportering frå verksemda per mars 2009 til etterretning.
2. Helseføretaka må fram til kommande rapportering pr. april følgje opp at:
 - o prosessen med implementering av tiltak er sett i verk på lågaste nivå og har nødvendig realisme.
 - o balansegruppene i HF-a utarbeider risikoanalyse og føreslår supplerande tiltak for å bringe risiko ned på eit akseptabelt nivå
 - o det blir utarbeidd beredskapsplan for handtering av avvik/manglande realisering av omstillingspakka
 - o budsjettet knytt til interne gjestepasientar blir avstemt mellom HF-a slik at konsernresultatet blir rett, samt at budsjettet avspeglar faktisk planlagde interne gjestepasientkjøp

042/09 B Årsoppgjer 2008 - rekneskap og årsmelding

Kommentarar:

Eksternrevisor, Nicolai Homme gjorde greie for innhaldet i brev frå revisor. Revisjonsberetning vil bli gitt utan atterhald og presiseringar.

Det økonomiske resultatkravet som Helse- og omsorgsdepartementet fastset for regionane (RHFa), er justert for meirkostnader til pensjon (112 millionar kroner).

Resultatet viser et avvik i høve til økonomiske resultatkrav frå HOD på 140,7 millionar kroner mot tilsvarande avvik i 2007 på 90,2 millionar kroner. Dette gjev ei resultatforverring på rundt 50 millionar kroner.

Tabellen under oppsummerar avvika i høve til budsjett:

Justert resultatkrav frå eigar 2008:	- <u>112 000 000</u>
Budsjettavvik (mill NOK):	
Helse Bergen HF	- 108,7
Helse Stavanger HF	- 69,6
Helse Fonna HF	- 26,3
Helse Førde HF	- 76,7
Apoteka Vest HF	4,3
Helse Vest IKT AS	0
Helse Vest RHF	134,7
Sum budsjettavvik	- <u>140,7</u>
Auka pensjonskostnader grunna endra økonomiske føresetnader	- 112,0
Rekneskapsmessig resultat 2008	- <u>252,7</u>

Resultatavviket er framleis for dårleg. Det er derfor lagt opp til framleis tett oppfølging av helseføretaka med månadlege møte og med særleg fokus på tiltak som er sett i verk eller planlagt med sikte på å få økonomien under kontroll. Ein ser særskilt på aktivitet, økonomi, utvikling i bemanninga, risikostyring og intern kontroll. Dette for å sikra at avvik blir oppdaga tidleg og tatt fatt i.

Styret ønskte følgjande endringar i årsmeldinga:

Side 10: Korrigere setning om underskot i helseføretaka.

Side 7: Legge inn ei setning om lærlingeordning for helsefagarbeidarar

Side 6: Korrigere avsnitt om epikrisetid

Side 8: Konkretisere viss det er lønsskilnader mellom kvinner menn

Styret ba om ei orientering om anbodskonkurranse på vikartenester på eit seinare tidspunkt med basis i varsla risiko for tap.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret legg vedlagte årsrekneskap med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.
2. Styret vedtok styret si årsmelding med dei endringar som kom fram i møte.

043/09 B Årsmelding 2008 frå pasientomboda i Helse Vest

Kommentarar:

Pasientomboda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland presenterte årsmeldinga årsmelding for 2008 for styret.

Pasientomboda gjer eit viktig arbeid for å ivareta pasientane sine interesser og rettar overfor spesialisthelsetenesta. Gjennom dette arbeidet får pasientomboda også kunnskap om tenestene som er viktig i samband med forbetring og utvikling av kvaliteten på tenestene.

Frå og med 2003 er det etablert nasjonal statistikk for pasientomboda. Samla har omboda i Helseregion Vest registrert 2034 førespurnader i 2008. Variasjonen dei tre siste åra har vore liten, og tala tyder på at tal på førespurnader har stabilisert seg.

Fire saksområde skil seg ut. Det er fagområda kirurgi, psykisk helsevern, ortopedi og medisin. "Pasientskade/komplikasjon" er den problemstillinga som opptretr oftast.

Pasientomboda kjem i kontakt med pasientar som på ein eller annan måte har fått ein skade på sjukehus i samband med manglande diagnostisering eller feil behandling eller av anna grunn er misnøgd med tilbodet.

I 2008 blei pasientrettighetslova endra slik at "pasientombodet" frå 1.9.2009 vil heite; Pasient- og brukarombod. Arbeidsfeltet vil bli utvida til også å gjelde kommunehelsetenesta heimla i kommunehelsetenestelova og sosialtenestelova. Helsedirektoratet har tilført 4,5 nye stillingar fordelt på dei tre fylka i vår region.

Vedtak (samrøystes):

1. Årsmelding for 2008 frå pasientomboda i Helse Vest vert tatt til orientering.
2. Styret legg til grunn at HF-a nyttar årsmeldinga frå pasientomboda til forbetring av pasientbehandling, rutinar og tenesteområde.
3. Styret ber om ei oppfølgingsak etter at årsmeldinga har vore behandla i HF-a.

044/09 B Tilsynsmelding 2008 frå Helsetilsynet

Kommentarar:

Tilsynsmeldinga er ein publikasjon som vert utarbeida årleg. Meldinga inneheld i hovudsak artiklar om ulike sider av tilsynet si verksemd. Det er ønskeleg at tilsynsrapportar som gjeld helseføretaket vert styrebehandla for å sikre fokus på helseføretaket som ein lærande organisasjon. Der tilsyn viser avvik er det den ansvarlege for tenesta som skal rette lovbrota. Likevel ber helsetilsynet om at styret er kjent med kva ein kan lære av eigne og andre sine feil.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek tilsynsmeldinga til orientering.
2. Styret legg til grunn at helseføretaka nyttar tilsynsmeldinga til forbetring av eigne tenestekområde.

045/09 B Søknad om utvida sjukehusgodkjenning for Ulriksdal Sykehus

Kommentarar:

Ulriksdal Sykehus (tidlegare Vestnorsk Ortopedisk Sykehus) har i brev dagsett 16.03.2009 søkt Helse- og omsorgsdepartementet om utvida sjukehusgodkjenning.

Som ledd i sakshandsaminga ber departementet om uttale frå Helse Vest RHF m.a. om tenestetilbodet det er søkt om vil påverke det ansvaret Helse Vest RHF har for spesialisthelsetenester i regionen.

Ut frå det ansvaret som Helse Vest RHF skal ivareta er det ikkje noko umiddelbart behov for utvida godkjenning innan generell kirurgi ved private sjukehus.

Når det gjeld operasjonar ved alvorleg overvekt er Helse Vest i dag i ein situasjon kor det blir kjøpt operasjonar hos private sjukehus for fristbrotpasientar. Med den kraftige opptrappinga av tilbodet som Helse Vest har sett i verk dei siste åra, vil det likevel vere rett å sjå effekten av dette før det blir vurdert kjøp av slik tenester hos private leverandørar ved ein anbodkonkurranse.

Vedtak (samrøystes):

1. Helse Vest RHF har ut frå si vurdering av saka ikkje behov for at Ulriksdal sjukehus gis utvida sjukehusgodkjenning innan generell kirurgi.
2. Dersom utvida godkjenning av andre grunnar blir gitt er det viktig at det ikkje medfører at dei offentlege sjukehusa blir tappa for nøkkelpersonell.

046/09 B Eventuelt

Ingen saker blei behandla under eventuelt.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 31.03.09 "Rapportering frå verksemda per februar 2009"
- Kopi av brev frå LPP Sogn og Fjordane til Helse Førde HF, dagsett 29.03.09 "Nedprioritering av psykisk helsevern i Helse Førde"
- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Flora kommune, dagsett 17.04.09 "Konsekvensar ved eventuelt sal av sjukehusbygningen i Florø"
- Kopi av brev frå Sogn og Fjordane Arbeiderparti til HOD, dagsett 21.04.09 "Økonomien i helseføretaka må betrast"
- Kopi av brev frå Stavanger kommune til HOD, dagsett 31.03.09 "Planer for bygging av et distriktpsikiatrisk senter i Stavanger"
- Kopi av brev frå Helse Stavanger HF til Stavanger kommune, dagsett 01.04.09 "Bygging av ny barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling (BUPA) og distriktpsikiatrisk senter i Stavanger (Stavanger DPS)"
- Brev frå Ravneberghaugen Rehabiliteringssenter til Helse vest RHF, dagsett 22. mars 2009, "Økt satsing på rehabilitering i regionen"
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest RHF, dagsett 18.03.09 "Sykehusbygg i et økonomisk og helsepolitisk perspektiv – Oppstart av foranalyse" Uts.off
- Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest, dagsett 23.03.09 "Undersøkelse av Norsk Helsenett" Uts.off
- Brev frå Riksrevisjonen til helse Vest RHF, dagsett 06.04.09 "Økonomistyring av og med helseforetakene" Uts.off

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 30.04.09 "Rapportering frå verksemda per mars 2009"
- Brev frå HOD til Helse Vest RHF, dagsett 24.04.09 "Årleg melding for 2008 fra Helse Vest RHF"
- Brev frå Brukerutvalget i Helse Stavanger HF til HOD, dagsett 22.04.09 "Angående vedtak i foretaksmøte i Helse Vest RHF av 18.12.07"
- Brev frå KS Rogaland, dagsett 23.04.09 "Dialog mellom helseforetakene og KS Rogaland"

Ref. Torunn Nilsen
Stavanger 6. mai 2009

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Kari Oftedal Lima
Nestleiar

Gunnar Berge

Gisle Handeland

Ohene Aboagye

Gerd Dvergsdal

Sett:

Sett:

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Nils P Støyva

Sett:

Lise Karin Strømme

Helge Espelid

Reidun Johansen

Aslaug Husa

Lena Thorsnes